



Tor Atle Skauge
Skauvegen 496
5957 MYKING

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3108 - 15/30985

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
29.09.2015

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 44/34.

Kommunen viser til søknad om dispensasjon og løyve til tiltak mottatt 25.08.2015.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- Tiltaket må teiknast inn på situasjonsplanen. Avstand til nabogrense og ytre hovudmål må førast på.
- Planskisse må visa ytre hovudmål. Det må gå tydeleg fram av innsend dokumentasjon korleis bygget er plassert i høve til eksisterande bygg.
- Det må sendast inn målsatt snitt som viser omsøkt høgdeplasseing, innvendig høgde på rommet, takvinkel m.m.

Når det gjeld utforming av tilbygget vil administrasjonen tilrå at det ved innsending av tilleggsdokumentasjon også vert vurdert om tilbygget i større grad kan innordna seg og tilpassast eksisterande bygg, t.d gjennom takform og -vinkel.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.11.2015. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert søknaden arkivert utan vidare handsaming.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr



Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Tor Atle Skauge

Skauvegen 496 5957

MYKING